


Protest mot prosjektet på Eikelandet

12.05.2007



"...bygdefolk og andre innbyggjarar er mildt sagt rysta og oppgitte..."

Oddborg Myklebust har no sendt inn klage til forvaltningskomiteen på bustadprosjektet til Uskedalen Eigedomsutvikling på Eikelandet (der trelastlageret låg før). Huset hennar ligg bak den planlagte rekkja med åtte hus.

Ho protesterar på at det vert gjeve løyve til å reisa bygga i si planlagte utforming. Ho krev at høgda vert redusert og at dei får ein utforming som ikkje er så dominerande. Og ho ynskjer forvaltningskomiteen velkomen på synfaring.

Verandaløysinga på oppsida av bygga vil koma vendt rett opp mot huset hennar og utgjer også ei ulempe sett frå hennar side.

Ho skriv mellom anna:

- Vi ser og høyrer rett som det er om døme på folk som ynskjer å byggja seg eit velskapa naust eller sjøhus, men som ikkje får løyve til dette med henvisning til både estetiske og andre slags "miljøhensyn".

Difor rimar det dårleg og er lite tillitvekkjande når det frå forvaltningskomiteen vert gjeve løyve til eit slikt "moderne" eksperiment som i dette høvet. Bygdefolk og andre innbyggjarar er mildt sagt rysta og oppgitte.

Desse bygga ligg slik til at det heller ikkje tomtemessig på nokon av sidene vil verta mogeleg å få bygd ei utjevning til meir tradisjonelt utforma bygningar. Dei vil for all tid og framtid verta liggjande som eit isolert og svært iaugnefallande brot på god, vestlandsk byggjeskikk, attpå til i strandsona".